



Arkivsaksnr.:  
2022/7588

Dokumentdato:  
23.05.2022

Styre:  
Universitetsstyret

Styresak:  
59/22

Møtedato:  
16.06.2022

---

## Orientering om arbeidet med videreutdanning ved UiB

---

### Tilvising til bakgrunnsdokument

- Styresak 87/19, [Organisering for en styrket etter- og videreutdanningsvirksomhet](#)
- Styresak 115/20, [Handlingsplan for livslang læring 2021-2025](#)
- [Meld. St. nr. 14 \(2019-2020\) Lære hele livet](#)

### Saka gjeld:

Tilrettelegging for livslang læring ved å tilby vidare studium for arbeidstakar frå arbeidslivet som treng å utvikle kompetansen sin, er ei viktig og lovpålagt oppgåve for universiteta. UiB har satsa på livslang læring gjennom ei eiga handlingsplan og ved å styrke UiB Videre, som er den eininga som skal støtte fagmiljøa i dette arbeidet.

I universitetsstyresak 115/20 vart handlingsplan for livslang læring 2021-25 vedteke og styret fekk ei orientering om re-organiseringa av UiB Videre, på bakgrunn av universitetsstyresak 87/19. UiB Videre fekk i oppdrag om å vere ein aktiv aktør, både internt og eksternt, i arbeidet med å utvikle etter- og vidareutdanningstilboda ved UiB.

I saka blir det gjort greie for arbeidet med etter- og vidareutdanning i fagmiljøa, samt resultatata av arbeidet og av samarbeidet mellom fagmiljø, eksterne aktørar og UiB Videre dei siste åra.

**Forslag til vedtak:**  
Styret tek saka til orientering.

Robert Rastad  
universitetsdirektør

23.05.2022/Roald Valle/Christen Soleim (avd.dir).

Vedlegg:  
Saksframstilling

## Saksframstilling

Styre:  
Universitetsstyret

Styresak:  
59/22

Møtedato:  
16.06.2022

Arkivsaksnr:  
2022/7588

## Orientering om arbeidet med vidareutdanning ved UiB

### Bakgrunn

Ei sentral oppgåve for UiBVidere har vore å reindyrke ei tydeleg kompetanseprofil som kan gje best mogeleg støtte til fagmiljøa, men utan at alle dei administrative arbeidsoppgåvene ligg til eininga. I 2020 vart blant anna EVU-opptaket overført til den sentrale opptakseininga ved SA, og fleire av dei økonomiske tenestene ligg anten til fakultetet eller i økonomiavdelinga. Etter- og vidareutdanning vert i 2022 inkludert i både opptaksforskrifta og grads- og studieforskrifta, noko det tidlegare ikkje har vore.


UiB Videre er lokalisert ved Media City Bergen og arbeider etter prinsippa som universitetsstyresaka den gong la til grunn. Kompetanseprofilen er knytt til prosjektleiing, læringsdesign, medieproduksjon, utvikling- og vedlikehald av nettverk, kommunikasjon- og marknadsføring.

Det er etter re-organiseringa arbeidd systematisk med å støtte fagmiljøa i å utvikle nye vidareutdanningstilbod. Dette arbeidet har vore basert på dialog- og prosjektmøter med fagmiljøa, eksterne samarbeidspartnarar og eksterne finansieringskjelder. Styret får derfor ei orientering om status på vidareutdanningsfeltet og korleis UiB kan lukkast vidare i dette arbeidet.

### Auke i studietilbod og studenttal

Talet på fleksible studietilbod har auka dei siste åra. Nedanfor presenterer vi eit overordna bilde av denne utviklinga i form av vidareutdanningstilbod, talet på studentar og samarbeid med eksterne aktørar. *Etterutdanning* – aktivitet utan studiepoeng vert ikkje behandla i denne saka.

Figur 1, Utvikling i talet på vidareutdanningsemner ved UiB (2017-2021)




Kjelde: DBH

\*Talet viser til antal gonger eit emne er gjennomført i løpet av året.

Grafen viser ei jamn auke fram til 2020 og ei noko kraftigare auke frå 2020 til 2021. Denne utviklinga kan forklarast i tre punkt: 1) Auka etterspurnad. Særleg i pandemi og i lys av ekstraordinære løyver til bransjeprogram og tilbod for permitterte og arbeidslause, 2) Auka støtte til fagmiljøa for å utvikle nye tilbod og 3) Auka ekstern finansiering til fleksible studietilbod.

Figur 2 Antal ordinære studentar og antal vidareutdanningsstudentar 2017-2021



\*Kjelde: DBH. Talet på ordinære studentar: Grafen viser gjennomsnitt registrerte studentar haust og vår. Talet vidareutdanningsstudentar: Alle studentar som er registrert haust og vår. Med nokre unntak er vidareutdanningsstudentane registrert som student gjerne berre eit semester. Ordinære studentar følgjer studiet som regel i fleire semester.

Grafane syner at talet på vidareutdanningsstudentar har meir enn dobla seg sidan 2017. Vidareutdanningsstudentane utgjer no vel 15% av det totale studenttalet, medan dei utgjorde om lag 10 % av studenttalet i 2017.

### Samarbeid med eksterne aktørar

I lys av ny kompetanseprofil har innhenting av eksterne midlar vore eit satsingsområde. Sidan vidareutdanning basert på eigenfinansiering pr. i dag er underfinansiert, er det nødvendig med eksterne midlar for å sikre forsvarleg økonomisk drift.

Våren 2020 lyste Diku og Kompetanse Norge (no HK-dir.) ut midlar for utvikling og drift av kortare emne, særleg tilrettelagt for permitterte og arbeidslause grunna pandemien. Dette var den fyrste av ei rekkje utlysingar. I tidsperioden juni 2020 til hausten 2021 vart det difor etablert fleire kortare emne som særleg bransjeorganisasjonane var opptekne av. Desse var særleg retta inn mot bransjeprogramma for olje-, gass- og leverandørindustrien og for maritim sektor. Våren 2022 har fleire bransjeprogram komme til, deriblant satsing på havvind, der UiB er involvert.

UiB fekk i 2021 tilslag på alle innsendte søknader til HK-dir. Dette inkluderte fleire omfattande søknader som ny erfaringsbasert master i kommunal leiging, erfaringsbasert master i undersøkende journalistikk (SUJO), fleksibel vidareutdanning i kunstig intelligens, digitalisering for helsesektoren, erfaringsbasert mastergrad i krisepsykologi og fleksible vidareutdanningstilbod i samfunnsplanlegging. I tillegg til desse vart det etablert kortare emner innanfor blant anna programmering, CCUS, energiomstilling, havvind og SDG. Totalt i

perioden 2020-2021 er det henta inn utvikling- og driftsmidlar på over 50 millionar kroner. Fleire av dei kortare kursa er gjennomførte fleire gonger, og andre er enten i ei oppstartsfase eller i utviklingsfase. Nye bransjeprogram og oppskalering av eksisterande tilbod vert lyst ut i 2022.

Utlysingar som dette har óg vektlagd *eksterne samarbeidspartnarar* som eit kriterium. På dei større søknadane hadde UiB i gjennomsnitt seks eksterne samarbeidspartar i kvar søknad, totalt over 40 eksterne aktørar. Det er oppretta referansegrupper i fleire av prosjekta, noko vi har god erfaring med og som har gjort at vi har kunna justere retning i lys av behova.

Utover desse midlane har UiB i 2021 fått ei samla tildeling på nærare 12 millionar i det oppdragsfinansierte programmet Kompetanse for kvalitet for lærarar. Her er språkfaga og naturfag representert. Denne ordninga varer fram til 2025 og vert avløyst av nye tilskotsordningar. Dette vert i desse dagar utgreia av eit nasjonalt EVU-utval (Mausethagen-utvalet).

I april 2022 lyste HK-dir. ut nye midlar i tråd med dei nye signala om auka desentralisert utdanning. Sjølv om UiB ikkje legg opp til ei desentralisert satsing i form av blant anna studiesentre, har nokre fagmiljø mobilisert for denne søknadsrunden. Søknadane kjem til å vektleggje desentral utdanning, særleg i form av digitale tilbod som kan nyttast i heile landet. Vi kjem blant anna til å søkje om midlar til utvikling og drift av DIGI-ernene i ein vidareutdanningsvariant. Slik kompetanse har vore etterspurd i lengre tid, eksempelvis frå Kompetanseforum Vestland og fleire av dei eksterne aktørane i privat sektor.

## Økonomi

Dei økonomiske aspekta ved vidareutdanning er samansette og kan delast i fire hovudkategoriar:

- 1) Eigenfinansiert (gratisprinsippet, finansiert over resultatbaserte midlar)
- 2) Bidrag (spleiselag mellom UiB og eksterne kjelder)
- 3) Oppdrag (oppdragsgjevar finansierer tilbodet 100%)
- 4) Sal (kommersiell aktivitet)

Når det gjeld eigenfinansiert aktivitet får ein berre dekka 40% resultatmidlar (dersom ikkje emnet er oppdragsfinansiert). Dette er eit av spørsmåla i finansieringsutvalet si innstilling som no er på høyring. Gratisprinsippet er difor i dag ei underfinansiert ordning.


I årsberetninga til UiB innrapporterer vi kvart år omsetjingstal på EVU-aktiviteten. Figuren nedanfor viser utviklinga når det gjeld driftsinntekter (ikkje tildelingar til utvikling) til vidareutdanning frå 2017 - 2021. I tala er ikkje resultatmidlar for gratisstudiar eller oppdragsfinansierte tilbod inkludert.

	2017	2018	2019	2020	2021
Inntekter*	<b>18 636 582</b>	<b>21 562 482</b>	<b>23 994 090</b>	<b>25 445 822</b>	<b>38 664 439</b>
Antal studentar	1 575	1 597	1 559	1 866	3 422

\*Kjelde DBH. Sal og BOA. Oppdragsverksamheit og studiepoeng er ikkje medrekna.

Utviklinga pr. fakultet er vist i figur 3 nedanfor:

Figur 3, Omsetning pr fakultet 2017-2021



Ein betydeleg del av auka, særleg frå 2020, er knytt til Det matematiske- og naturvitskaplege fakultet. Bransjeprogramma via Kompetanse Norge er den viktigaste forklaringa på dette og samsvarer godt med behova vi har identifisert i arbeids- og næringsliv. Samstundes ser vi ei jamn auke på dei fleste andre fakultet.

### Studiegjennomføring – vidareutdanning

Studentgjennomføringa for vidareutdanningsstudentar er ulik, og følgjer til ein viss grad korleis studiet er finansiert. For oppdragsstudiar er det tilnærma 100% gjennomføring. Dette er eksternfinansierte studiar som enten er betalt av arbeidsgjevar eller andre oppdragsgjevarar. I den andre enden har vi nettbaserte enkeltemne utan studieavgift som er eigenfinansiert av UiB. Desse tilboda har lågare gjennomføringsprosent, heilt nede i 35-40% for nokre av dei. Dette kan det vere fleire orsakar til. Ei felles utfordring for dei fleste institusjonar som arbeider med vidareutdanning er at fråfallsprosenten er høgare på gratistilbod enn på betalingsstudiar. Dette har igjen konsekvensar for den resultatbaserte utteljinga. Ved budsjettering av slike tilbod er det naudsynt å operere med ein langt høgare fråfallsprosent enn ved ordinære studiar.

Det ser ut som at terskelen er høgare for å melde seg av studiar med studentbetaling. Dette handlar om blant anna bindingar ein har inngått med arbeidsgjevar, eller at ein ynskjer mest mogeleg igjen for private investerte midlar. Eit gjennomgåande fokus må i alle tilfelle vere god og kvalitetssikra *læringsdesign*, som støtter opp under studentane sin progresjon og mogelegheit for å lukkast med studiet.

### Nygårdsgaten 5 – Den naturlege møtestaden mellom UiB og samfunnet.

I 2023 flyttar fellesadministrasjonen inn i rehabiliterte lokale i Nygårdsgaten 5 (NG5), med eigne areal for etter- og vidareutdanningsaktiviteten ved UIB i 1. etasje. Desse lokala er eit løft, ikkje berre for «tradisjonell» etter- og vidareutdanning, men som ein møtestad der forskning og utdanning møter samfunns- og næringsliv til større og mindre aktivitetar. Første etasje er designa på ein fleksibel måte som gjer at mange parallelle aktivitetar kan skje

samstundes. Det er våren 2022 gjennomført dialogmøter med eksterne interessentar om korleis dei frå deira perspektiv ser nytteverdien av desse lokala, og korleis vi etter kvart kan samarbeide om konkret aktivitet. Den samla tilbakemeldinga har vore svært god, og alle har sete pris på at UiB er inviterande til slike møtestader. Samtlege eksterne aktørar vi har hatt dialog med ser med ein gong eit stort potensiale i desse lokala og ynskjer planane særskilt velkomne.

I løpet av hausten 2022 vil planlegginga av konkret aktivitet i NG5 fortsetje, særleg med tanke på haust 2023. Mykje av den eksisterande vidareutdanningsaktiviteten kan flyttast til desse lokala, samstundes som vi er oppteken av ny aktivitet i form av seminar, workshops og møter der ein kan treffe fagmiljøa i både formelle og uformelle samanhengar. Eit viktig fundament for aktivitetane er å vise breidda i UiB si forskning og forskingsbaserte utdanning. NG5 kan og verke som ein møteplass der studentar kan møte arbeidslivet. Vi tek og sikte på eit tettare samarbeid og utnytting av alumniarbeidet som har eit uutnytta potensiale.

### **Universitetsdirektøren sine kommentarar**

Dei nye politiske initiativa for høgre utdanning har dei siste to åra vore mange. Ei rekkje nye stortingsmeldingar, strategiar og europeiske satsingar verkar på kvar sin måte inn på utdanningsfeltet<sup>1</sup>. Eit auka fokus på fleksibilitet, desentralisering og arbeidslivsrelevans er nokre av desse nasjonalpolitiske vegvala som utfordrar, ikkje berre Universitetet i Bergen, men heile UH-sektoren.

Arbeidet med vidareutdanning ved UiB viser ei utvikling som er i tråd med styresak 115/20 og arbeidet viser og at det er stor interesse for auka aktivitet i fagmiljøa. I tillegg evner UiB å mobilisere solide resultat når det gjeld ekstern finansiering og samarbeid med eksterne aktørar. Talet på vidareutdanningsstudentar viser at etterspurnaden er aukande dei siste åra.

Det er fleire forhold ved etter- og vidareutdanningssatsinga som ikkje er avklart. Gratisprinsippet står sterkt ved UiB, men er ei underfinansiert løysing for dei fleste emner. Det betyr at ekstern finansiering er avgjerande for å både utvikle og drifte vidareutdanningstilbod. Finansieringsutvalet sine forslag er no på høyring og konklusjonane av dette vil ha betydning for korleis UiB bør drive dette feltet framover. Aktivitetane må óg stå i forhold til konklusjonane frå UiB FRAM og ny strategi for UiB. Slik kan vi setje livslang læring inn i ei heilskapleg samanheng som styrkjer alle sider ved samfunnsoppdraget til UiB, og at aktivitetane står i forhold til vår eigenart, ambisjonar og verdiar i tillegg til den totale faglege kapasiteten.

23.05.2022/Roald Valle/Christen Soleim (avd.dir)

---

<sup>1</sup> NOU 2020: 3, Ny lov om universiteter og høyskoler; Meld. St. 19 (2020-2021) *Styring av statlige universiteter og høyskoler*; Meld. St. 14 (2020-2021). *Perspektivmeldingen 2021*; Meld. St. 14 (2019-2020). *Kompetansereformen. Lære hele livet*; Meld. St. 7 (2020-2021). *Internasjonal mobilitet*; Meld. St. 16 (2020-2021). *Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning; Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning, Finansieringsutvalet.*